

REKNESKAPSRAPPORT

31.8.13

NORDDAL KOMMUNE



Innhold

1.	Driftsrekneskap	side 2
1.1	Rekneskapsskjema 1A.....	side 2
1.2	Kommentar frie inntekter/finans.....	side 2
1.3	Rekneskapsskjema 1B.....	side 4
1.4	Kommentar drift.....	side 4
1.5	Fordelt på ansvar.....	side 6
2.	Investeringar	side 9
3	Norddal Eigedomsselskap KF.....	side 10

1. Driftsrekneskap

1.1 Rekneskapsskjema 1 A

	Rekneskap pr 31.8.13	Periode budsjett	Avvik i kroner*	Budsjett 2013	Prognose 2013
Skatt på inntekt og formue inkl naturressurskatt	-30 105 443	-30 610 215	-504 772	-42 772 000	-42 772 000
Ordinært rammetilskot	-44 238 794	-43 830 121	408 673	-66 906 000	-66 906 000
Skatt på egedom	-10 919 211	-10 900 000	19 211	-21 800 000	-21 800 000
Konsesjonskraft	-4 315 960	-4 375 000	-59 040	-7 500 000	-7 400 000
Sum frie disponible inntekter	-89 579 408	-89 715 336	-135 928	-138 978 000	-138 878 000
Renteinntekter og utbytte	-3 928 701	-3 466 667	462 034	-5 800 000	-6 500 000
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	2 762 596	2 650 000	-112 596	3 750 000	3 550 000
Kalkulatoriske renter	0	0	0	-300 000	-300 000
Avdrag på lån	4 346 740	4 350 000	3 260	5 925 000	5 925 000
Netto finansinntekter/-utgifter	3 180 635	3 533 333	352 698	3 575 000	2 675 000
Premieavvik pensjon	0	0	0	-2 800 000	-1 600 000
Molkonto kapitalkostnader	0	0	0	-500 000	-500 000
Mva-kompensasjon investering	-1 029 112	-1 133 333	-104 221	-1 700 000	-1 400 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. meirforbruk	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	0	0	0	1 150 000	1 150 000
Til bundne avsetningar	0	0	0	3 325 000	3 325 000
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetningar	0	0	0	-3 826 650	-3 826 650
Netto avsetningar	0	0	0	648 350	648 350
Overført til investeringsregnskapen	0	0	0	1 700 000	1 400 000
Til fordeling drift	-86 398 773	-86 182 003	216 770	-138 054 650	-137 654 650
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	93 070 979	92 725 833	-345 146	138 054 650	140 929 150
Regnskapsmessig meir/mindreforbruk	6 672 206	6 543 830	-128 376	0	3 274 500

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk

*negativt tal = negativt avvik, meirforbruk

1.2 Kommentar til frie inntekter/finans/avsetningar

Skatt/Rammetilskot:

Samla er desse postane på forventa nivå pr 31.8.13, men det er avvik i fordelinga mellom dei Skatteinngangen dei første 8 månader er svak, men har vist ei betring utover året. Det er difor realistisk å nå budsjett for 2013. Samanliknar ein skatteinngang i Norddal med resten av landet, er det stor skilnad. Auke i skatteinngang pr innbyggjar i er under 2 % i Norddal, på landsnivå er tilsvarande om lag 7 %. Samla for skatt/rammetilskot er det forventa å nå det budsjetterte nivå på 109,678 mill.

Skatt på eigedom:

Med tilsvarande innbetaling for 2. termin som i 1. termin vil inntekt verte i samsvar med budsjett.

Konsesjonskraft:

Inntekter vert litt lågare enn budsjett. Pris for kjøp og sal av kraft er fast, men utgifter som konsesjonær krev for å mate konsesjonskraft inn på nettet varierar frå månad til månad. Det er forventa at kommunen vil ha ein netto gevinst på konsesjonskraft i 2013 på kr 7,4 mill.

Mva-kompensasjon investering:

Investeringar ligg under forventa framdrift, slik at kompensasjon også er lågare. Vi vil ikkje nå opp i det forventa nivå på mva-kompensasjon på investering på 1,7 mill. Beløpet kan verte om lag 1,4 mill. Overføring frå drift til investering vert redusert tilsvarande.

Finans-

Renteinntekter og utbytte:

Utbytte frå Tafjord Kraft AS er kr 0,5 mill høgare enn budsjettert.

Avkastning på Elverk-fondet har vist ei positiv utvikling i løpet av året. Med tilsvarande avkastning i siste tertial som dei 8 første månadane, vil vi kome over kr 2 mill som er budsjettert. Andre postar som rente på bankinnskott og ansvarleg lån, vil totalt verte om lag som budsjettert.

Renteutgifter/finansutgifter:

I budsjettet for 2013 er det lagt til grunn gjennomsnittleg, flytande rente på i overkant av 2,5 % p.a. Rentenivået på flytande rente har vore på eit nivå på 2,15-2,25 % p.a. i 2013 og det forventa at dette vil halde seg resten av året. Vel 50 % av lån har fastrente med eit nivå på 3,2 – 3,55 %. Det er gjort låneopptak i 2013 med vilkår knytt til 3mnd NIBOR + fast margin og eit løpande lån er overført til tilsvarande vilkår. Dette gjev noko lågare rentesats enn den flytande. Utifrå utrekningar vil renteutgifter verte om lag kr 0,2 mill under budsjett..

Avdrag på lån:

Prognose er lik budsjett.

Premieavvik:

Dette er forskjellen mellom betalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad i KLP/SPK. Det er ikkje motteke nye kalkulasjonar av premieutgifter og –avvik. Eit moderat lønnsoppgjær vil redusere våre pensjonsinnbetaling til dekning av framtidige utbetalningar frå KLP/SPK. Det vil imidlertid også påverke det berekne premieavviket og redusere dette. Førebelse tilbakemeldingar frå KLP tilseier reduserte innbetalingar på om lag kr 1,2 mill. Dette vil verte reduksjon i utgifter på verksemdene. Vi forventar eit tilsvarande redusert beløp i positivt premieavvik.

Avsettingar:

Det vert førebels ikkje gjort endringar knytt til avsetting og bruk av bundne fond. Det er budsjettert med avsetting på kr 1.150.000 til ubunde driftsfond. Det vil vere aktuelt å redusere dette beløpet til dekning av ekstra rekning frå Åknes/Tafjord Beredskap IKS på kr 750.000, sjå kommentar under drift.

1.3 Rekneskapskjema 1B

	Rekneskap 31.8.13	Periode budsjett	Avvik i kroner*	Budsjett 2013	Prognose 2013
Politisk - sentraladministrasjonen	8 662 421	8 768 751	106 330	13 429 900	14 115 900
Oppvekst - kultur	27 704 608	28 191 004	486 396	42 626 100	43 264 600
Helse-sosial-pleie-omsorg	37 486 263	35 983 483	-1 502 780	53 795 200	55 345 200
FDV	3 236 886	3 797 346	560 460	5 153 500	5 153 500
Plan-oppmåling-brann	2 166 883	2 754 923	588 040	4 235 400	4 235 400
Næring	2 988 304	2 762 416	-225 888	1 987 900	1 987 900
Fjernvarmeanlegg	0	0	0	-900 000	-400 000
Husleige Norddal eideomselskap KF	12 066 664	12 067 000	336	17 300 000	17 300 000
Skredvarsling, Åknes Tafjord IKS	525 000	525 000	0	525 000	1 275 000
Redusert pensjonsbetaling					-1 600 000
VAR-område, sjølvkost	673 888	95 910	-577 978	-600 000	-250 000
Næringsfondet	-2 439 938	-2 220 000	219 938	0	0
Korrigerer -	0				
netto avsetning/bruk av fond på verks	0	0	0		
				501 650	501 650

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk

*negativt tal = negativt avvik, meirforbruk

1.4 Kommentar drift

Oppsummering:

Økonomien i drifta av Norddal kommune har utvikla seg negativt utover året. Utarbeidd prognose viser no eit meirforbruk på over kr 3 mill. Grunnen til auken i beløpet ligg særleg på tre område, helse-sosial-pleie- omsorg som har store vanskar med å halde seg innanfor budsjett, ekstrarekning frå Åknes-Tafjord IKS på kr 750.000 vart først kjent siste dagane og større utgifter til eKommune Sunnmøre. For andre område er det også ved tidlegare rapporteringar signalisert meirforbruk. Nokre prognoser er usikre, t.d. tilskot til vaksenopplæring og balansen i sjølvkostrekneskapa.

Grunnen til ein del av meirforbruket, er forhold utanfor kommunen; utgifter eKommune Sunnmøre, Åknes/Tafjord beredskap IKS og fjernvarme. På kort sikt kan det vere vanskeleg å gjere endringar som påverkar utgiftene.

Generelt må drifta og aktiviteten i resten av året reduserast så mykje som mogeleg på alle område for å redusere meirforbruket. Dette gjeld spesielt dei som pr 31.8. har mindreforbruk i høve til periodebudsjett og det må det vere ein gjennomgang for å sjå etter mulegheiter for å redusere rammer.

Politisk arbeid - revisjon:

Prognose viser eit mindre avvik i høve til budsjett på kr 50.000. Dette gjeld i hovudsak utgifter knytt til revisjon. Det er usikkert om budsjett for politiske organ vil halde. Førebels

ser dette bra ut, men erfaring frå tidlegare år, viser at utgifter i 2. halvår vert forholdsvis større enn tidleg på året. Det er også mindre avvik på overformynderiet grunna kursutgifter.

Sentraladministrasjonen:

Økonomiavdelinga vil få større lønnsutgifter siste tertial grunna styrka bemanning.

Samstundes viser prognose at rådmannskontoret vil gå under budsjett

På beredskap er det belasta utgifter til tilsyn i samband med opning i Eidsdal skule/Dalsbygda barnehage med dusj/sanitær for innbyggjarar med frosen vassforsyning. Det er gjennomført ei ROS-analyse for brann i kommunen. Totale ekstraavgifter vil verte om lag kr 40.000. Det er forventa tilsvarande mindreforbruk på informasjon.

eKommune Sunnmøre er etablert og mange funksjonar når det gjeld IKT er no overført inkludert personell. Vi har fått budsjett/prognose for 2013 som viser utgifter til samarbeidet på om lag kr 1,2 mill for Norddal. Av dette er det betalt kr 300.000. På ansvar 1210, der det allereie er meirforbruk på kr 200.000, vil det kome utgifter på omlag kr 0,9 mill til eKommune. På ansvar 1204 er det mindreforbruk på kr 600.000 i høve til årsbudsjett 2013. Ved å rekne saman desse beløpa vert det eit meirforbruk på minst kr 500.000.

Det har ikkje motteke krav frå Tafjord Kraftnett for utgifter til fibernett i Valldal. Det er forventa at dette vil kome i løpet av året.

Oppvekst/kultur:

Fellesområdet skule-barnehage er forventa vil gå i balanse i høve til budsjett. Fylkesmannen har oppheva kommunen sitt vedtak om kommunal skuleskyss frå Linge. Dette gjev ei meiravgift i 2013 på krappe kr 100.000. Dette beløpet vert å dekke innanfor gjeldande ramme

Valldal skule melder tilbake at prognose for grunnskulen og SFO viser mindre avvik i høve til budsjett. Når det gjeld vaksenopplæring er det signalisert eit meirforbruk på kr 200.000. Grunnen til dette er usikkerheit knytt til tilskot og inntekter. I 2012 mottok kommunen store tilskot til ordninga og det er førebels usikkert om dette vil vere det same i år. På den andre sida er det no elevar i ordninga som etter regelverket betalar for norskundervisning.

Eidsdal skule har auka ressurs med 1 lærarstilling frå 1.8. Dette er ikkje teke omsyn til i budsjett og gjev ei meiravgift for resten av 2013 på om lag kr 200.000. I skulen er det ein gjesteelev som det kan krevjast refusjon for. Dette gjev inntekt på om lag kr 250.000 som ikkje er budsjettert.

Dalsbygda barnehage si bemanning vart fastsett etter at budsjett 2013 var vedteke. Behov for ressursar viste seg å vere større enn føresett. Dette har gjeve eit meirforbruk, og sjølv om bemanning er redusert frå 1.8 vil det verte meirforbruk i barnehagen, utrekna til om lag kr 200.000. Sommert opp viser prognose for Eidsdal skule- Dalsbygda barnehage eit meirforbruk i høve til budsjett på kr 150.000

Syltebøen barnehage har ei prognose som viser meirforbruk i høve til budsjett. Grunnen er først og fremst bemanning som er noko større enn føresett ved budsjettering. M.a. er det fast vikar i om lag 40 % stilling som ikkje alltid er mogeleg å nytte fullt ut. Det er også fleire mindre barn som tek 2 plassar i barnehage, men kun gjev ei betaling. Det er betydeleg lågare sjukefråvær, særleg lange fråvær med refusjon. Difor er refusjon frå NAV forholdsvis mykje lågare enn utgifter til sjukvikar, samanlikna med budsjett. Prognose for barnehagen viser eit meirforbruk på kr 200.000

Kultur held seg i innanfor budsjett. Nokre område ligg godt under periodisert budsjett, t.d. kulturskulen. Tilbakemelding er at dei ulike ansvar vil ha ei drift siste del av 2013 som gjev eit netto forbruk tilsvarande budsjett.

Helse – sosial:

Det er tilsett 100 % kommunelege frå 1.6 som gjev høgare lønnsutgifter enn budsjettert. Dei seinare åra har det vore ein kombinasjon av tilsetjing og driftsavtale. Meir betaling frå pasientar og refusjon frå HELFO kompensera ikkje fullt for auka lønnsutgifter. Det er difor venta netto meirutgifter på kr 200.000 i høve til budsjett. For andre delar av helseavdelinga er det ikkje venta særlege avvik. Direkte utgifter til samhandlingsreforma kan verte under budsjetterte beløp på kr 2,5 mill.

Utgifter til økonomisk sosialhjelp er på eit høgare nivå enn siste åra, medan NAV Storfjorden er om lag på budsjettert nivå. Prognose frå NAV viser eit meirforbruk til økonomisk sosialhjelp på kr 150.000. Barnevern er vanskeleg å ha oversikt over. Tiltak kan kome til å gje større utgifter enn føresett. Førebels er området godt innanfor budsjett.

Pleie – omsorg:

Tre ansvar har stort meirforbruk pr 31.8. Pleie og omsorg har i budsjettvedtaket for 2013 eit pålegg om å spare inntil kr 2 mill. Endringar og tilpassingar har ikkje gått så raskt som føresett. I tillegg har det vore og er vakansar slik at det er dyr innleige for å dekke nødvendige sjukepleiestillingar. Bruk av overtid og vikarbyrå er dyrt. Det går mot meirforbruk omsorgsbustadane i Eidsdal og Valldal, tilsaman utrekna til kr 1,2 mill. Bustad for personar med nedsett funksjonsevne og Valldal sjukeheim er forventa å gå i balanse.

Teknisk- FDB/PBO/brann

Lite snø i sist vinter har medført mindre belastning på brøytebudsjett. Denne posten skal dekke også komande førjulsvinter, så det er sjølvsagt umogeleg å vite korleis dette kjem ut for heile året. Tilbakemelding om prognoser viser i stor grad som budsjettert. Unntaket er utgifter til gatelys, som viser høgare utgifter enn budsjett.

For sjølvkostområda er gebyrinntektene jamt over lågare enn budsjettert, men det er også lågare utgifter for tenester kjøpt frå ÅRIM for renovasjon og slam. Tilbakemelding er at det vil vere vanskar med å nå forventa inndecking på renovasjon og vassforsyning. Begge områda er lagt inn med overskot for å dekke tidlegare års underskot.

Innan plan-bygg-oppmåling er det førebels brukt lite midlar til leige av ekstern planhjelp. Brann ligg under periodisert budsjett, m.a. grunna vakansar og lite utryking.

Næring:

Det er forventa at dei ulike ansvar vil halde budsjett. For veterinær manglar førebels forventa tilskot til ordninga. Omdømmeprosjekt og dørøpnar har ekstern finansiering og er forventa å gå i balanse.

Pensjon:

Som kommentert under frie inntekter, vil pensjonsinnbetalingar til KLP verte lågare enn budsjettert p.g.a. eit rimelegare pensjons-/lønnsoppgjær enn forventa. I tillegg er avkastning av vårt pensjonsfond i KLP høgare enn forventa og dette vert brukt til innbetaling av pensjonspremie. Totalt utgjær lågare pensjonsinnbetaling og auka fondsavkastning om lag kr 1,6 mill. Samanliknar ein dette med redusert premieavvik utgjær det netto redusert utgift på kr

0,4 mill. Meir nøyaktige berekningar for desse postane vil vere tilgjengeleg i siste del av september.

Kundegrunnlag i Valldal Fjernvarme AS er ikkje stort nok til å dekke leigekostnad inkl avdrag på lån. Svikt i jordbærproduksjonen gjev mindre sal av kulde til Valldal Grønt. Eit førebels anslag tilseier ei manglande inntekt på om lag kr 0,5 mill.

Åknes Tafjord Beredskap IKS har vanskar med finansiering av drifta. Det var forventa større engasjement frå regjering/NVE, men dette er førebels ikkje i orden. Selskapet manglar om lag kr 8,0 mill og representantskapet i selskapet har vedteke å kalle dette inn frå eigarane i samsvar med selskapsavtalen § 7. For Norddal utgjer dette eit auka tilskot på kr 750.000 i tillegg til allereie innbetalt kr 525.000.

1.5 Fordelt på ansvar

	Rekneskap 31.8.13	Periode budsjett	Avvik i kroner *	Budsjett 2013	Prognose 2013
Ansvar 1100 Kommunestyre og formannskap	1 035 860	983 953	-51 907	1 540 000	1 540 000
Ansvar 1102 Støtte politiske parti	0	26 667	26 667	40 000	40 000
Ansvar 1103 Stortings- og kommuneval	40 725	64 858	24 133	100 000	100 000
Ansvar 1105 Distriktsrevisjonen	336 750	276 639	-60 111	355 000	390 000
Ansvar 1107 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat	104 519	95 858	-8 661	152 000	152 000
Ansvar 1121 Overformynderiet	33 084	7 631	-25 453	15 000	50 000
Ansvar 1123 Eldrerådet	8 942	8 262	-680	15 000	15 000
Ansvar 1124 Ungdomsråd	22 078	14 096	-7 982	25 000	25 000
Ansvar 1125 Råd for funksjonshemma	8 025	8 465	440	14 000	14 000
Ansvar 1200 Rådmannskontoret	1 858 478	2 032 182	173 704	3 178 400	3 078 400
Ansvar 1201 Økonomiavdelinga	849 533	987 656	138 123	1 507 200	1 607 200
Ansvar 1202 Servicetorget-fellestenester	1 951 642	2 050 617	98 975	2 744 500	2 744 500
Ansvar 1204 Datadrift	143 923	475 075	331 152	734 000	150 000
Ansvar 1205 Breiband	0	0	0	425 000	425 000
Ansvar 1210 Driftsavtalar og lisensar IT	1 187 072	678 333	-508 739	1 000 000	2 200 000
Ansvar 1220 Interkomm. samarbeid pleie/omsorg Profil	69 207	0	-69 207	0	0
Ansvar 1224 Interkomm. samarbeid kartforretning	19 711	0	-19 711	0	0
Ansvar 1227 Interkomm. samarbeid Risk Manager	27 000	0	-27 000	0	0
Ansvar 1250 Informasjon	122 701	154 786	32 085	240 000	200 000
Ansvar 1300 Beredskap	205 349	160 120	-45 229	248 000	288 000
Ansvar 1850 Sentralt personalarbeid	491 406	559 667	68 261	774 800	774 800
Ansvar 1901 Forsikringar	122 476	183 886	61 410	322 000	322 000
Ansvar 1902 Administrasjonsbygg	23 940	0	-23 940	0	0
Politisk -Sentraladministrasjonen	8 662 421	8 768 751	106 330	13 429 900	14 115 900

Rekneskapsrapport 31.8.2013

	Rekneskap 31.8.13	Periode budsjett	Avvik i kroner *	Budsjett 2013	Prognose 2013
Ansvar 2000 Fellesansvar skule/barnehage	1 280 720	1 683 722	403 002	2 722 100	2 722 100
Ansvar 2101 Valldal skule	11 190 795	11 210 497	19 702	16 492 700	16 550 000
Ansvar 2102 Valldal skule - SFO	277 917	367 027	89 110	586 300	609 000
Ansvar 2103 Valldal skule - vaksenopplæring	228 539	207 502	-21 037	271 500	480 000
Ansvar 2111 Eidsdal skule	5 202 064	5 110 198	-91 866	7 997 200	7 947 200
Ansvar 2112 Eidsdal skule - SFO	337	87 532	87 195	137 600	137 600
Ansvar 2123 Dalsbygda barnehage	1 252 734	990 745	-261 989	1 555 800	1 755 800
Ansvar 2201 Syltebøen barnehage	3 891 459	3 720 776	-170 683	5 860 300	6 060 300
Ansvar 2301 Norddal Musikk- og kulturskule	1 089 188	1 361 540	272 352	1 684 500	1 684 500
Ansvar 2400 Kulturadministrasjon	273 158	319 570	46 412	485 000	485 000
Ansvar 2401 Kulturminnevern	66 121	69 333	3 212	68 000	68 000
Ansvar 2403 Kultur-tilskot drift/anlegg	376 000	350 000	-26 000	360 000	360 000
Ansvar 2404 Ungdomsarbeid	220 024	247 995	27 971	390 100	390 100
Ansvar 2407 Valldal Samfunnshus	5 973	5 227	-746	8 000	8 000
Ansvar 2408 Prosjekt God helse	59 812	54 683	-5 129	157 100	157 100
Ansvar 2409 Kraftsenteret	254 939	245 479	-9 460	391 200	391 200
Ansvar 2411 Frivilligsentralen	26 003	45 610	19 607	235 100	235 100
Ansvar 2413 Den Kulturelle Spaserstokken	17 887	-664	-18 551	0	0
Ansvar 2415 Frisklivsentral - forprosjekt	-75 000	0	75 000	0	0
Ansvar 2501 Bibliotek	730 938	774 232	43 294	1 203 600	1 203 600
Ansvar 2800 Storfjorden kyrkjelege fellesråd	1 335 000	1 320 000	-15 000	1 980 000	1 980 000
Ansvar 2801 Andre religiøse formål	0	20 000	20 000	40 000	40 000
Oppvekst - kultur	27 704 608	28 191 004	486 396	42 626 100	43 264 600
Ansvar 3101 Helsestasjon	552 491	591 458	38 967	928 800	928 800
Ansvar 3102 Kurativ helsevern	2 501 195	2 671 627	170 432	4 466 400	4 666 400
Ansvar 3103 Jordmøteneste	47 800	75 000	27 200	150 000	150 000
Ansvar 3104 Fysioterapiteneste	677 341	704 667	27 326	1 057 000	1 057 000
Ansvar 3105 Psykiatri	419 567	378 381	-41 186	598 700	598 700
Ansvar 3108 L-V sentralen	106 439	116 760	10 321	200 000	200 000
Ansvar 3120 Samhandlingsreforma	1 844 112	1 666 667	-177 445	2 500 000	2 500 000
Ansvar 3202 Økonomisk sosialhjelp	215 843	120 000	-95 843	180 000	330 000
Ansvar 3203 Edruskapsvern	-4 888	0	4 888	0	0
Ansvar 3204 Barnevern	643 134	775 273	132 139	1 324 000	1 324 000
Ansvar 3375 NAV-Storfjorden	650 831	632 018	-18 813	1 081 300	1 081 300
Helse - sosial	7 653 865	7 731 851	673 397	12 486 200	12 836 200

	Rekneskap 31.8.13	Periode budsjett	Avvik i kroner *	Budsjett 2013	Prognose 2013
Ansvar 3401 Heimeteneste i Valldal/Fjørå/Tafford	5 563 146	4 736 424	-826 722	7 479 100	8 179 100
Ansvar 3402 Heimeteneste i Eidsdal/Norddal	3 560 267	2 921 923	-638 344	4 574 200	5 074 200
Ansvar 3416 Tiltak personar med nedsett funksjonsevne	5 309 184	4 977 475	-331 709	5 400 900	5 400 900
Ansvar 3450 Valldal sjukeheim	15 399 801	15 615 810	216 009	23 854 800	23 854 800
Pleie - omsorg	29 832 398	28 251 632	-1 580 766	41 309 000	42 509 000
Ansvar 4100 Fellesansvar FDV	-219 439	-140 717	78 722	20 700	20 700
Ansvar 4201 Kommunale vegar	2 637 259	3 114 939	477 680	4 014 000	4 014 000
Ansvar 4202 Veg og gatelys	302 059	266 667	-35 392	400 000	450 000
Ansvar 4219 Naturskade 2012	14 650	0	-14 650	0	0
Ansvar 4220 KID-prosjekt	0	0	0	50 000	0
Ansvar 4303 Andre bygg og eigedomar	-903	0	903	0	0
Ansvar 4501 Felles maskinpark	66 844	13 358	-53 486	0	0
Ansvar 4601 Offentleg område FDV	436 416	543 099	106 683	668 800	668 800
	3 236 886	3 797 346	560 460	5 153 500	5 153 500
Ansvar 5100 Fagansvarleg PBO	925 699	1 369 032	443 333	2 285 000	2 285 000
Ansvar 5200 Brannvern	1 217 778	1 363 891	146 113	1 928 400	1 928 400
Ansvar 5201 Oljevern	23 406	22 000	-1 406	22 000	22 000
PBO - brann	2 166 883	2 754 923	588 040	4 235 400	4 235 400
Ansvar 6100 Næringsutvikling	2 428 345	2 456 781	28 436	1 713 700	1 713 700
Ansvar 6102 Veterinærteneste	219 462	146 671	-72 791	274 200	274 200
Ansvar 6118 Døropnar-prosjekt	142 017	133 333	-8 684	0	0
Ansvar 6124 Storfjordkonferansen 2013	7 754	0	-7 754	0	0
Ansvar 6125 Omdømmeprojekt	133 268	0	-133 268	0	0
Ansvar 6201 Jakt og villstell	57 458	25 631	-31 827	0	0
Næring	2 988 304	2 762 416	-225 888	1 987 900	1 987 900
Ansvar 6126 Fjernvarmeanlegg	0	0	0	-900 000	-400 000
Ansvar 7000 Husleige Norddal Eigedomsselskap KF - formålsbygg ikkje fordelt	12 066 664	12 067 000	336	17 300 000	17 300 000
Ansvar 7200 Skredvarsling	525 000	525 000	0	525 000	1 275 000

Rekneskapsrapport 31.8.2013

	Rekneskap 31.8.13	Periode budsjett	Avvik i kroner *	Budsjett 2013	Prognose 2013
Ansvar 4401 Renovasjon	145 477	-115 820	-261 297	-500 000	-250 000
Ansvar 4402 Avløp	-39 062	12 639	51 701	0	0
Ansvar 4403 Vassverk	10 648	-248 670	-259 318	-100 000	0
Ansvar 4404 Slam	673 400	406 428	-266 972	0	0
Ansvar 5300 Feiling	-116 575	41 333	157 908	0	0
Sjølvkost	673 888	95 910	-577 978	-600 000	-250 000
Ansvar 6110 Næringsfondet	-2 439 938	-2 220 000	219 938	0	0

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk

*negativt tal = negativt avvik, meirforbruk

2. Investeringar

Prosjekt	Rekneskap 2013	Budsjett 2013	Totalrekne- skap prosjekt	Total budsjett	Forbruk %
Prosjekt 120001 Bedre styring - datasystem	143 166	0	209 832	200 000	104,9
Prosjekt 120406 Oppgradering Trio/e-post	97 775	0	97 775	187 500	52,1
Prosjekt 120409 Oppgradering Websak	0	125 000	0	125 000	-
Prosjekt 120501 Fiberutbygging - anleggsbidrag	0	0	0	1 700 000	-
Prosjekt 1300001 Inventar kommunestyresal/rådhus	315 146	190 000	315 146	417 500	75,5
Prosjekt 200001 Datautstyr grunnskulane	272 652	220 000	272 652	220 000	123,9
Prosjekt 210102 Valdals skule utstyr naturfag	0	0	230 554	350 000	65,9
Prosjekt 280002 Sylte kyrkje, reiskapshus	0	0	69 845	300 000	23,3
Prosjekt 310202 Inventar helse Storfjord Helsesent AS	589 718	250 000	589 718	250 000	235,9
Prosjekt 340102 Vaskeutstyr heimeteneste	18 894	0	83 311	120 000	69,4
Prosjekt 345005 Elektronisk meldingsutveksling	64 865	550 000	64 865	550 000	11,8
Prosjekt 345006 Senger Valdals sjukeheim 2013	112 368	130 000	112 368	130 000	86,4
Prosjekt 345007 Komfyr Valdals sjukeheim	0	100 000	0	100 000	-
Prosjekt 345008 Visma Samhandling arkiv	105 269	0	105 269	0	-
Prosjekt 410002 Flytting FDV - brannstasjon Eidsdal	0	0	0	150 000	-

Rekneskapsrapport 31.8.2013

Prosjekt 420106 Tiltak flaum Eidsdal	19 750	550 000	19 750	550 000	3,6
Prosjekt 420107 Vegkryss Ødegård	0	200 000	0	200 000	-
Prosjekt 420210 Gatelys LED lampar	16 910	585 000	16 910	585 000	2,9
Prosjekt 431102 Murigrandane - opparbeiding område	0	0	1 945 883	3 500 000	55,6
Prosjekt 431103 Muriparken - utomhusplan	139 358	3 000 000	366 329	6 000 000	-
Prosjekt 440301 Hovedvassplan Valldal vassverk	0	3 300 000	1 218 033	4 841 330	25,2
Prosjekt 440309 Vatn-avløp Lingås-Linge hyttefelt	142 956	0	489 226	580 000	84,3
Prosjekt 440311 Forlenging avløp/vassledning Nerås	222 257	200 000	222 257	200 000	111,1
Prosjekt 460101 Adresseprosjekt skilting	0	700 000	0	700 000	-
Prosjekt 460102 Bru Øvstestølen	144 750	300 000	144 750	300 000	48,3
Prosjekt 460103 Idrettsbane Eidsdal	3 170 367	3 600 000	3 170 367	3 600 000	88,1
Prosjekt 461101 Muribugen	0	0	0	250 000	-
Prosjekt 520006 Nødnett brannvesen	0	-200 000	15 000	20 000	75,0
Prosjekt 520007 Tankvogn brannkorps Eidsdal	70 000	200 000	12 000	200 000	6,0
Prosjekt 610010 Produksjonsanlegg varme/kulde	385 845	0	12 765 239	12 000 000	106,4
Sum	6 032 046	14 000 000	22 537 079	38 326 330	

Pr 2. tertial er det gjennomført investeringar på kr 6,0 mill. Den klart største posten er idrettsbane i Eidsdal. Inventar til helseavdeling Storfjord Helsesenter AS er ferdig investert og gått ut over ramme. Det må gjerast nødvendig fullfinansiering. Bokført overskriding på fjernvarmeanlegg vil dekkast når tilskot frå ENOVA og Møre og Romsdal Fylke vert utbetalt. Prosjektet vil då kome ned på ramme på kr 12 mill. Fleire prosjekt er i liten grad kome i gang eller ikkje kome i gang i det heile

Det er innbetalt eige kapitaltilskot til KLP med kr 407.597. Budsjett er på kr 400.000.

3. Norddal Eigedomsselskap KF

	Rekneskap 31.8.13	Periodisert budsjett	Avvik *	Budsjett 2013
Husleige Norddal kommune	-12 151 754	-12 066 667	85 087	-18 100 000
Husleige andre	-986 320	-1 129 999	-143 679	-1 695 000
Andre inntekter	-273 767	-403 999	-130 232	-1 096 000
Mva kompensasjon drift	-607 224	-666 667	-59 443	-1 000 000
Mva kompensasjon investering	-1 740 717	-1433333	307 384	-2 150 000
Sum driftsinntekter	-15 759 782	-15 700 665	59 117	-24 041 000
Lønn	3 941 716	4 008 529	66 813	6 309 000
Lys og varme	1 579 714	1 341 667	-238 047	2 300 000
Kommunale avgifter	337 997	275 000	-62 997	550 000
Andre utgifter	1 529 256	1 730 001	200 745	3 175 000
Avskrivningar	0	0	0	6 200 000
Mva kompensasjon drift	607 224	666 667	59 443	1 000 000
Sum driftsutgifter	7 995 907	8 021 864	25 957	19 534 000
Brutto driftsresultat	-7 763 875	-7 678 801	85 074	-4 507 000
Netto finans	5 937 405	5 938 000	-142	8 687 000
Motpost avskrivning	0	0	0	-6 200 000
Netto driftsresultat	-1 826 470	-1 740 801	84 932	-2 020 000
<i>Overføring til investering *</i>	<i>1 740 717</i>	<i>1 433 333</i>	<i>-307 384</i>	<i>2 150 000</i>
Overføring frå investering				-200 000
Rekneskapsmessig meir- mindreforbruk	-85 753	-307 468	-222 452	-70 000

* *ikkje ført i rekneskap, teke med tilsvarende mva-komp investeringar for å gje eit meir rett bilete av drift*

*positivt tal = positivt avvik, mindreforbruk

*negativt tal = negativt avvik, meirforbruk

Rekneskapsrapporten til Norddal Eigedomsselskap KF viser eit negativt avvik i høve til periodisert budsjett på overkant av kr 200.000. Det er ikkje utarbeidd prognose for føretaket, med det kan sjå ut til å verte vanskar å nå det forventa resultat med mindreforbruk på kr 70.000. Grunnen til dette er først og fremst høgare energiprisar enn føresett og noko større utgifter til vedlikehald av bygg. Det kan også vere vanskar med å nå inntektsmål for husleige, då leigetakarar er flytta ut og over i Storfjord Helsecenter AS. Det er førebels ikkje oversikt over det økonomiske resultatet for drift av Tafjord Friluftsbad

Pr 31.8.13 er det gjennomført investeringar på kr 8,8 mill. Dette gjeld først og fremst fullføring av prosjekt Rådhus-sjukeheim med kr 5,7 mill og rehabilitering av kommunehus i Eidsdal med kr 1,8 mill. Når det gjeld Rådhus-sjukeheim er det ei overskriding i prosjektet på om lag kr 5,5 mill og styret i føretak vil kome med eit framlegg dekking og finansiering av dette.

Arbeid med leikeplass på Valldal skule er i gang, medan større vedtekne prosjekt i 2013, som prosjektering idrettshall, flytting bibliotek, bygg i Kalvegjerdet og nødstraumaggregat er berre i liten har belasta rekneskapet.